



HUSNES PIT STOP SERVICE AS AVD SALG/VERKSTED
Toralivegen 14

5450 SUNDE I SUNNHORDLAND

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Francesca Galdiolo	480 25 632	2021/2743-2		17.09.2021

Løyve til motorferdsel på islagt vatn - Opsangervatnet – delegert vedtak

Søkjjar: Ronny Teigen for Husnes Pit-Stop Service A/S

Område: Markert avgrensa område på SØ-sida av islagt Opsangervatnet på Teigen sida

Føremål: : Øvingskøyning på is/snø for å få erfaring med føre og dekkval

Tidsrom: når forsvarlege tilhøve tillèt det – med trygg is – 01.11.2021 – 31.12.2024

Delegert saksnr.: 2021/535

Vedtak

Med heimel i *Lov om motorferdsle i utmark og vassdrag §6* vert søknad journalført 17.09.2021 , godkjent på følgjande vilkår:

- Motorferdsla skal skje med aktsemd og omsut for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og menneske (§8) og i tråd med lovføremålet (vern om miljø og trivsel).
- Grunneigar i ferdsleområdet skal varslast dersom denne er kjent og tilgjengeleg, jf. §10, og ferdsla skal ikkje føra til unødige spor eller forsøpling i vatn/terreng.
- Særskilte hendingar og avvik frå løyvet og vilkåra skal rapporterast snarast mogleg til kommunen: francesca.galdiolo@kvinnherad.kommune.no.

For gjennomføring av aktivitet på is og langs riksveg for tilkomst gjeld flg. vilkår

- Aktiviteten blir organisert og gjennomført i tråd med søknaden
- All merking langs veg og i øvingsområdet må fjernast når isen vert utrygg, og oljerestar må fjernast med det same
- Søkjjar og arrangørar står ansvarleg for at all aktivitet skjer i trygge former
- Ved klage på sjenerande støy skal aktiviteten stoppast og meldast til kommunen med det same
- Løyvet vert trekt attande ved brot på vilkåra.

Tiltaket kan igongsetjast innanfor løyveperioden utan nærare melding.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter vilkåra i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå motteken melding om vedtaket.

For kommundirektøren i Kvinnherad